

Smertefullt comeback for Hulsker på Rekdal

Skrive av administrator

onsdag 11. september 2019 20:51 - Sist oppdatert onsdag 11. september 2019 21:16



Det var duka for historisk duell mellom dei Vestnes-fotballens store søner då Kjetil Rekdal og Bernt Hulsker stilte frå start i lokaloppgjeret mellom Fiksdal/Rekdal/Tomrefjord 2 og Vestnes Varfjell 2 i 6. divisjon onsdag. Kampen på Rekdal grasbane trakk 300-400 tilskuarar og blir program på VGTV, der både Rekdal og Hulsker har engasjement saman med vikarierende Fiks/Rek/TIL2-målvakt Jamel Rake. Til slutt kunne Rekdal og Rake juble for seier 5-3.

[VARFJELLTV: SJÅ HEILE KAMPEN I OPPTAK \(foto: Asbjørn Vik\)](#)

[SJÅ EIT LITE BILDEGALLERI HER](#)

Rekdal skåra på straffespark i første omgang, medan Hulsker kunne bitt den store helten då han på slutten kom aleine med Rake. Vestesingen vart meid ned og ropte på straffe. "Evig eies kun et dårlig rykte", heiter det, og den godaste Hulsker fekk ikkje noko gratis frå dommar Atle Oterhals. I staden for straffe og mogleg utlikning måtte han rusle mot garderoben med ei vond skulder. Etterpå fastsette heimelaget sluttresultatet til 5-3.

Kampen var elles prega av to lag som ville angripe og der heimelaget var mest effektive. Det eine målet skulle truleg også vore annullert for angrep på keeper. Jamel Rake sto ein

Smertefullt comeback for Hulsker på Rekdal

Skrive av administrator

onsdag 11. september 2019 20:51 - Sist oppdatert onsdag 11. september 2019 21:16

pralktkamp i målet til dei lyseblå og hindra fleire skåringar.

Eit tilsvarande oppgjær var på trappene også i 2011, men då kunne ikkje Hulsker spele. Han nøyde seg med eit anna lokaloppgjær då, nemleg 1-0-seieren for Vestnes Varfjell 2 mot A-laget til Tomrefjord. Mange av dei tapande tomrefjordingane frå den den gong skulle få sin revansje i kveld. Kjetil Rekdal hadde nemleg kalt ut heile førstrekka til 4.-divisjonslaget. Det er lov å stille med 5 a-lagsspelarar i desse andrelagskampane, og heimelaget stilte like mange frå laget som slo Vestnes Varfjell 3-0 i lokaloppgjæret i 4. divisjon fredag (Søberg, Djupvik, Sundet og Pedersen starta fredag, samt Brastad som er tilbake frå skade og kom innpå). VVIL 2-trenar Cato Andreassen henta sine forsterkingar i familien, i form av sønene Tommy og gutelagsspelar Cederik, som nettopp har debutert på A-laget. I tillegg fekk fiksdalingen Vegard Ellingseter lov til å briljere på si gamle heimebane.

Styreforholdet i talet på a-lagsspelarar vart dessverre litt for synleg i kampen, sjølv om Tommy Kanishi viste at han er ein klasse over alle dei andre og skåra tre gongar for dei mørkeblå.